



NOREGS HØGSTERETT

Den 27. januar 2011 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Stabel og Matheson i

HR-2011-00213-U, (sak nr. 2011/123), sivil sak, anke over orskurd:

Norsk Turboservice AS

(advokat Magne Mjaaland)

mot

Trine Lindgren

(advokat Kai Aagaard)

sagt slik

O R S K U R D:

- (1) Saka gjeld spørsmål om pålegg om å forlate rettssalen under vitneforklaring og om kva rett som har mynde til å avgjere dette spørsmålet under bevisopptak, jf. tvistelova § 24-7 og § 27-3 tredje ledd.
- (2) Under førebuinga av ei ankesak for Agder lagmannsrett vart det halde bevisopptak ved Larvik tingrett for vitneavhøyr av ein tilsett i Norsk Turboservice AS i ei sak mellom dette selskapet og Trine Lindgren – ein annan tilsett der. Under bevisopptaket 17. desember 2010 vedtok tingretten at styreleiaren i Norsk Turboservice AS måtte forlate rettssalen medan vitnet forklara seg.
- (3) Norsk Turboservice AS anka tingrettens vedtak til Agder lagmannsrett. Lagmannsretten sa 10. januar 2011 orskurd med slik slutning:

”Anken forkastes.”

- (4) *Norsk Turboservice AS* har anka lagmannsrettens orskurd vidare til Høgsterett. For det første er det gjort gjeldande at lagmannsretten har bygd på urett generell lovforståing. Det var lagmannsretten – som var retten som hadde saka – og ikkje tingretten – som berre hadde bevisopptaket – som skulle avgjort spørsmålet om styreleiaren kunne vere til stades etter tvistelova § 24-7, jf. tvistelova § 27-3 tredje ledd. For det andre er det gjort gjeldande at det var uforsvarleg når avgjerda vart bygd berre på ei legeerklæring. Erklæringa gav ikkje nokon grunn til å frykte for at vitnet ikkje ville gi atterhaldslaus forklaring dersom styreleiaren var til stades under avhøyet. Ho er også uklar på fleire punkt. Det er openbert at dei omstenda som vart framhaldne frå motparten ikkje var tilstrekkelege til å stengje styreleiaren ute frå bevisopptaket.

- (5) Ankeparten har sett fram slik påstand:

”Bevisopptak av Mari Høidalen ved Larvik tingrett den 17. desember 2010 oppheves.”

- (6) *Trine Lindgren* har i tilsvaret slutta seg til grunngevinga og resultatet i avgjerda til lagmannsretten. Subsidiært gjer ho gjeldande at det ikkje var tid til å få bindande avgjerd frå lagmannsretten før bevisopptaket, jf. tvistelova § 27-3 tredje ledd.

- (7) Ho har sett fram slik påstand:

**”1. Anken forkastes.
2. Norsk Turboservice AS betaler omkostningene ved ankene til Lagmannsretten og Høyesterett.”**

- (8) *Høgsteretts ankeutval* viser til at saka gjeld ein vidare anke over orskurd, og at kompetansen for utvalet då er avgrensa til å gjelde saksbehandlinga og lovtolkinga hos lagmannsretten, jf. tvistelova § 30-6 bokstav b og c.

- (9) Utvalet ser først på spørsmålet om kven som skulle ta avgjerd etter tvistelova § 24-7 om påbod om å forlate rettssalen under vitneforklaring.

- (10) Lagmannsretten kom til at det er den retten vitneføringa skjer for, som tek avgjerda om eit slikt påbod. Det vart sagt om dette:

”En beslutning etter tvisteloven § 24-7 hører under den praktiske gjennomføringen av bevisopptaket, som tilligger vitnedommeren å bestemme, slik at bestemmelsen i tvisteloven § 27-3 ikke får anvendelse, ... ”

- (11) Utvalet viser til at etter tvistelova § 27-3 første ledd skal bevisopptak gjennomførast i samsvar med dei alminnelege reglane for bevismidlet så langt dei høver. Samtidig er det i tredje ledd i paragrafen gitt ei føresegn som fastset at tvistar som gjeld innvendingar om forklaringsplikt, plikt til å gi tilgang til realbevis og ”andre tvister i tilknytning til bevisopptaket” så vidt mogeleg skal avgjerast av den retten som har saka.

- (12) Det følgjer av tvistelova § 27-3 første ledd at dei alminnelege reglane for bevismidlet gjeld for gjennomføringa av eit bevisopptak. Tilvisinga omfattar også kapittel 24, der den aktuelle føresegna om vitneavhøyr er innteken som § 24-7, jf. Schei m.fl., *Tvisteloven, Kommentartutgave*, 2007, side 1235. Av dette må det også følgje at det er bevisopptaksretten som tek stilling til den praktiske gjennomføringa av bevisopptaket. I § 27-3 tredje ledd er det rett nok sagt at retten som har saka, skal avgjere ”andre tvister”. Men når dette blir lese i samanheng med dei to typetilfella som er nemnde og med første ledd, må det vere klart at dette ikkje gjeld for den praktiske gjennomføringa av eit bevisopptak, jf. Schei m.fl., side 1160 og 1238.

- (13) Lagmannsretten har såleis ikkje tolka lova feil når det er lagt til grunn at det er bevisopptaksretten som tek stilling til spørsmål som gjeld den praktiske gjennomføringa av bevisopptaket.

- (14) Avgjerd etter § 24-7 skjer i vedtak (”beslutning”). Lagmannsretten kunne då – slik den også har lagt til grunn – berre prøve tingrettsvedtaket innanfor avgrensa rammer. Det som var gjort gjeldande i anken til lagmannsretten, var at vedtaket var uforsvarleg eller klart urimeleg. Dette

kunne lagmannsretten prøve med heimel i § 29-3 tredje ledd.

- (15) Om dette spørsmålet uttalar lagmannsretten:

” I dette tilfellet synes tingrettens beslutning å ha gode grunner for seg. Legeuttalelsen 14 desember 2010 gir god grunn til å anta at Høidalen var i en særlig sårbar situasjon. Høidalen var tidligere ansatt i Turboservice, og ble sykemeldt samtidig med Lindgren 19 januar 2010, dagen etter Elfstrøms møte med Lindgren, som åpenbart utløste tvisten i ankesaken. Lagmannsretten finner det etter omstendighetene ikke tvilsomt at Elfstrøms tilstedeværelse i rettsalen ga ”særlig grunn til å frykte for at Høidalen ikke ville gi en uforbeholden forklaring”. Turboservices prosessfullmektig samt daglig leder var til stede i rettsalen under hele bevisopptaket. Elfstrøm fulgte bevisopptaket i et tilstøtende rom, kunne høre det Høidalen forklarte og hadde muligheter til å kommunisere med prosessfullmektigen.”

- (16) Utvalet kan ikkje sjå at lagmannsretten har forstått lova feil eller at det ligg føre feil ved saksbehandlinga hos lagmannsretten. Utvalet finn grunn til å minne om at lagmannsretten etter § 29-3 tredje ledd hadde avgrensa kompetanse i si prøving av vedtaket i tingretten, og at utvalet på si side berre kan prøve lagmannsrettens generelle lovtolking og saksbehandling, jf. § 30-6 bokstav b og c.
- (17) Anken har ikkje ført fram. Ankemotparten må tilkjennast sakskostander. Beløpet blir sett til 10 000 kroner.
- (18) Orskurden er samrøystes.

S L U T N I N G :

1. Anken blir forkasta.
2. I sakskostnader for Høgsterett betaler Norsk Turboservice AS til Trine Lindgren 10 000 – titusen – kroner innan 2 – to – veker frå forkynninga av denne orskurden.

Ingse Stabel
(sign.)

Karl Arne Utgård
(sign.)

Wilhelm Matheson
(sign.)

Riktig utskrift: